

## Brattvåg Vassverk SA Årsmelding for 2022

Styret har i år slik samansetting:

Styreløiar:	x	Eidar Sæterøy
Nestløiar:		Roger Sønnerland
Styremedlemmar:	x	Cathrine Flem Lervåg
	x	Elin Bjerke
		Stig Fjørtoft
		Lars Angel Sønnerland
Varamedlemmar:	x	Dag Davik
	x	Vivian Maridal
Valnemnd 2021:	x	Hilde Ellingsæter (Løiar)
	x	Ole Petter Årsund
	x	Solveig Bostad

Dagleg løiar: Nils Kristen Skaar

Vakter: Terje Otterlei  
Harald Johansen  
Einar Rogne

Rekneskap: Sparebank 1 Rekneskapshuset SMN AS

Revisjon: BDO

X = Står på valg.

## **Generelt.**

Forutan årsmøtet, har det i 2022 vore 5 styremøte der 29 saker har vore handsama.

Vassverket har tilpassa seg etterverknadane av den aktive corona-pandemien.

Vassverket har levert vatn til 1265 husvære, 50 kjellar/loftshusvære, 28 andelshavarar som betalar gebyr etter areal og 5 som betalar etter vassmålar. I tillegg er det levert 566 980 m<sup>3</sup> vatn til Ålesund kommune gjennom målar på Alvestad. Avtalen mellom tidlegare SaHara IKS vart ikkje formelt overført til Ålesund kommune og vi er no i ein avventande situasjon til nye Haram har satt sin administrasjon. Det har vore kontakt om saka og levert vatn har alltid blitt betalt som forventa.

Vassverket har gjennom året produsert 1 182 402 m<sup>3</sup> vatn av god kvalitet.

Inntektene har vore kr. 7 174 526.

Driftskostnader kr. 6 580 943.

Dette året har også gitt ytterligere mindre inntekter hovedsakeleg på grunn av mindre forbruk over målar på Alvestad. Dette har si største forklaring på forbedringar av nettet på øyane, tettare nett og dermed mindre lekkasje.

Det merkast at kostnader på alle varer til vassverket stig i pris, og ein har styrt svært bevisst for å halde aktiviteten og kostnader så rimelig som mogleg.

## **Behandlingsanlegg.**

Behandlingsanlegget har fungert utan vesentlege problem, og vasskvaliteten er god.

Anlegget er inne i sitt 12. år, og teknisk utstyr har ei levetid, så forskjellige komponentar i anlegget blir stadig skifta etter kvart som slitasje melder seg eller levetida går ut.

Tekniske servicer for 2022 er utført etter vedlikehaldsplan.

## **Høgdebasseng.**

Det gamle runde bassenget ved vassverket frå 60-åra er i ferd med å få ei skikkeleg oppgradering. Betongen i bassenget er vurdert til svært god tilstand. Innvendig har golv og veggjar fått ny overflatebehandling. Utvendig er det lagt dobbel drenering rundt sålen, og isolerte veggjar over bakken. Arbeidet er ikkje ferdig, men pågår.

## **Røyrnett.**

Det har ikkje vore leidningsbrot i 2022, men vi har oppdaga 3 lekkasjar som er utbedra (Brattvåggata 85, Hellandshamn og ved gamle sjukeheimen). Ein lekkasje kan drage på seg kostnader som eit fullstendig brot, då arbeidet kan bli like omfattande. Men ubehaget for kunder med akutt stengt vatn ved vassbrot eller varsla stenging ved reparasjon, gir sjølvsgat to heilt forskjellige resultat.

Det er lagt 175 meter ny hovedleidning på Hellandshamna, og fasa ut tilsvarande lengde i same område. Dette var ei leidning som var for tynn og dårleg til å møte framtida. Vi har også hatt fleire lekkasjar akkurat på denne leidninga tidlegare år.

### Drifta.

Nils Kristen Skaar har stått for den daglege drifta, og har saman med Terje Otterlei, Harald Johansen og Einar Rogne delt på natt-/helgevakter. Alle har vore involvert i arbeid med vassbrot, reparasjonar og vedlikehald.

### Miljø.

Det har ikkje vore ulykker dette året.

Vassverket forureinar ikkje det ytre miljø meir enn det som er vanleg for slike selskap.

Vassverket sin vakttelefon: PRI 1. 91 51 22 24 PRI 2. 91 39 78 36  
Natt/helgevakt:

Nils Kristen Skaar  
Terje Otterlei  
Einar Rogne  
Harald Johansen

### Økonomi.

Rekneskapen er avlagt ut frå føresetnaden om fortsatt drift.

I styret for Brattvåg Vassverk SA

den 06.03.2023

  
Eldar Sæterøy  
Styreleiar

  
Roger Sønnerland  
Nestleiar

  
Cathrine Flem Lervåg

  
Elin Bjerke

  
Lars Angel Sønnerland

  
Stig Fjørtoft

  
Nils Kristen Skaar  
Dagleg leiar